



Nynorsk leſefest

INSPIRASJONSHEFTE



INSPIRASJONSHEFTE 2017

©2017 Samlaget

www.samlaget.no

STIFTINGA DET NORSKE SAMLAGET

LEIAR: Kari Bjørke

FORLAGSDIREKTØR: Edmund Austigard

FORLAGSKONTOR: Mariboes gate 13, 0183 Oslo

POSTADRESSE: Postboks 4672 Sofienberg, 0506 Oslo

FØRETAKSNUMMER: 935 305 314

KONSEPT, OMSLAG OG FORMGIVING: Trine + Kim designstudio

INNHOLD

Forord	5
Tips til lesesirkel	7
Utstilling	10
Forfattarkatalog	12
Leseland	18
Kontakt oss	21
Register	22

NYNORSK LESEFEST I 150 ÅR!

I 2018 fyller Det Norske Samlaget 150 år, og jubilanten har lyst til å markere dette ved ei feiring av den nynorske litteraturen og lesarane.

For utan lesarane finst ikkje bøkene våre. Det er først når boka blir plukka ned frå hylla og lesen, at ho verkeleg kjem heim. For oppe i hovudet til lesaren blir karakterane levande. Der hoppar Tonje Glimmerdal fryktlaus på hoppski, Jakob og Neikob kjeklar, og Ollis flyktar frå den galne geitebukken med bestevenninna Gro på slep.

Samlaget har sidan skipinga i 1868 arbeidd med å fremje nynorsk språk og litteratur, og barne- og ungdomslitteraturen har heile vegen stått i ei særstilling. Vi tek litteraturen for barn og unge på alvor fordi vi veit at rik tilgang på litteratur på eige språk er naudsynt for lesetrening og gir språkleg sjølvtillit. Lesing avlar lesing og kanskje til og med skriving?

Dette heftet er meint som ein inspirasjon og invitasjon til å bli med på den nynorske lesefesten i 2018. Kanskje har de lyst på eit forfattarbesøk, eller kanskje de får hug til å starte opp ein nynorsk lesesirkel? Eller noko heilt anna?

Samlaget vonar at så mange som mogleg av folkebiblioteka i landet har lyst til å vere med på den nynorske lesefesten.

Ved spørsmål om tinging av forfattarbesøk, materiell eller anna, ta kontakt med prosjektleiar Guro Kvalnes.

Vensam helsing
Det Norske Samlaget





Tips til lesesirkel

Å lese er som oftast ein aktivitet vi held på med kvar for oss. Det er fint å finne roa med ei bok, men det er også veldig spennande og moro å kunne møtast for å diskutere det ein har lese! I lesesirkel kan du utfordre lesarane til å gå i møte med litteratur som dei elles aldri ville ha lese på eiga hand. Nokon kjem til å like bøkene som blir lesne, andre ikkje, og i lesesirkelen er det viktig at det er rom for alle leseopplevelingar. Ein god diskusjon i lesesirkelen skal setje deltakaren i stand til å setje ord på kvifor noko var teit, därleg eller kjempebra.

Under følgjer ei rekkje tips til korleis de ved biblioteket kan planleggje og gjennomføre ein lesesirkel for barn og unge:

Å velje bøker:

- Seks bøker er ofte eit passeleg tal titlar. Då kan ein skipe til seks samlingar for lesesirkelen, til dømes ein gong i månaden.
- Tenk målgruppe for lesesirkelen – kven ser du for deg som deltakarar? Tilpass bokvalet etter om leserane kjem frå barneskulen eller ungdomsskulen.



Tips til boksamansetjing:

FOR 9–12 ÅR:

- Jakta på firklooveren*
av Christian Wiik Gjerde
Ollis av Ingunn Thon
Keeperen og havet av Maria Parr
Dumme, dumme hjarte
av Linda Klakken
Villheks av Lene Kaaberbøl

FOR 13–16 ÅR:

- Stavanger stories* av Terje Torkildsen
Jag är Supermann av Lars Mæhle
Rekrutten av Robert Muchamore
Vegandi – Galderstjerna
av Asbjørn Rydland
Hest, hest, tiger, tiger
av Mette Eike Neerlin




Praktisk gjennomføring av lesesirkel:

- Send eller legg ut informasjon om lesesirkelen i god tid i dei kanalane som biblioteket vanlegvis nyttar seg av (heimeside, plakatar i biblioteklokale, lokalavis, kontakt skulen, osv.).
- Tilby lett servering, til dømes saft og frukt.
- Fint om ein person leiar sirkelen i diskusjonen.
- Start med ein runde rundt bordet, summer opp i to setningar hovudinntrykket ditt av boka. Alle deltarane seier noko.
- Introduksjon av forfattar: Her er det fint om leiaren av lesesirkelen gir ein kort presentasjon. Kven er forfattaren? Nasjonalitet, kva andre bøker har han eller ho skrive?



Punkt til vidare diskusjon:

- **Tittel:** Tittelen på boka kan fortelje noko om innhaldet og om «bodskapen» til forfattaren. Kva seier tittelen på denne boka oss?
- **Handlinga i boka i korte trekk:** Kva skjer i denne boka? I kva rekkefølge skjer det? Er det fleire parallelle handlingstrådar?
- **Miljø:** Kor går handlinga i boka føre seg? I ein mørk skog eller på eit skip ute på havet? Kva stemning skaper dette miljøet? Opplever vi det som ekte og truverdig eller ikkje?
- **Personar:** Kven er hovudpersonen eller hovudpersonane i boka? Korleis blir dei skildra? Trur vi på dei eller ikkje? Er dei gode eller vonde? Eller kanskje begge delar?
- **Språk:** Korleis skriv forfattaren? Bruker han mange ord eller få? Skildrar han mykje, eller er det mest dialog (snakking) i boka? Snakk også om symbol- og biletbruk.
- **Perspektiv:** Kven er det som fortel i boka? Er det ei eg-forteljing eller blir ho fortald i tredje person (han, ho)? Skiftar perspektivet undervegs?
- **Bodskap og tema:** Kva er temaet i boka? Og kva trur de at forfattaren ønskjer å formidle med denne boka?



Utstilling

- Marker *Nynorsk lesefest* med utstilling i lokal til biblioteket!

Til ei utstilling av Nynorske barnebøker gjennom 150 år kan ein til dømes trekkje fram desse bokgruppene:

- Biletbøker
- Faktabøker
- Skjønnlitterære bøker
- Lettlesne nynorske barnebøker

Bestill plakatutstilling og bokmerke via prosjektleiar.



Det Norske Samlaget har mange flotte barne- og ungdomsbokforfattarar i sin stall. Over dei neste sidene er eit knippe av dei presenterte. Kanskje ønskjer de ved biblioteket å tinge inn eit forfattarbesøk? Honorar avtaler de direkte med forfattar.



LARS MÆHLE

(f. 1971 på Sunndalsøra) har skrive ei rekke bøker for barn, ungdom og voksne. Han debuterte med ungdomsromanen *Keeperen til Tunisia* i 2002. Fantasyromanen *Landet under isen* (2009) blei tildelt Kulturdepartementets litteraturpris, Uprise og Fabelprisen og var nominert til Brageprisen. Boka blei også nemnd som ei av dei 35 beste i kåringa av «Tidenes beste norske ungdomsromанer» i Dagbladet i 2014.



AKTUELL MED: *Jag er Supermann!* og *Kattekrøll* i serien Leseland



KARI STAI

(f. 1974) er forfattar og illustratør, aller mest kjend for bøkene om Jakob og Neikob. Historiene om dei blir karakteriserte som moderne barnebokklassikarar. Dei er omsette til fleire språk og er blitt animasjonsfilm og teater.

AKTUELL MED: *Jakob og Neikob. Naboen* og *Tankespinn*



INGUNN THON

(f. 1986) arbeider i NRK Super, mellom anna som dokkespelar. Ho har utdanninga si frå tekst- og skribentlinja ved Westerdals og frå journalistutdanninga ved NRK Nynorsk mediesenter.

AKTUELL MED: *Ollis*



AINA BASSO


(f. 1979) kjem frå Giske. Ho debuterte i 2008 med ungdomsromanen *Ingen må vite*. I 2010 følgde ho opp med ein roman for vaksne, *Fange 59. Taterpige*, som ho vart tildelt Sokneprest Alfred Andersson-Ryssts fond for. I 2012 kom ungdomsromanen *Inn i elden*, som vart nominert til Brageprisen, Kulturdepartementets litteraturpris og Nordisk råds barne- og ungdomslitteraturpris for 2013. I 2014 gav Basso ut voksenromanen *Finne ly*. Basso er utdanna historikar og bur i Oslo.

AKTUELL MED: *Heksejakt*



TERJE TORKILDSEN

(f. 1971) debuterte i 2008 med ungdomsromanen *Marki Marco*. Torkildsen er utdanna norsklektor, men arbeider i dag som komikar, skodespelar og kulturprodusent, og er kanskje mest kjend som prinsippfast drosjesjåfør i filmen *Mongoland* frå 2001. Den litterære debuten, *Marki Marco* (2008), utvikla Torkildsen i samarbeid med 10. trinnet på St. Swithun skole i Stavanger. For



boka blei Torkildsen tildelt Uprisen, etter å ha blitt stemt fram av 220 9.-klassingar over heile landet. Hausten 2009 kom *Dystopia I* – den første boka i serien *DYSTOPIA* 2014. Som *Marki Marco* er også desse bøkene skreddarsydde for utolmodige tenåringar. Torkildsen vann Uprisen for andre gong for *Dystopia III* i 2012. Torkildsen bur i Stavanger.

AKTUELL MED: *Stavanger Stories 1 og 2*



CHRISTIAN WIIK GJERDE

(f. 1981) vokste opp i Tjørvåg i Herøy kommune på Sunnmøre og er busett i Oslo. Han er utdannet pedagog og har jobba både som lærar og som programleiar i NRK Super og NRK P1. No er han produsent i Rikskonsertane.

AKTUELL MED: *Jakta på Firklooveren*



ASBJØRN RYDLAND

(f. 1976) er frå Seim i Hordaland og bur i Oslo. Han vart tildelt både Nynorsk barnebokpris og Fabelprisen for serien om *Drakeguten* i 2012. *Drakeguten* vann NM i litteraturformidling. Rydland fekk Uprise for *Vegandi – Galderstjerna* i 2017.

AKTUELL MED: *Vegandi – Galderstjerna*





GODE HISTORIER
FENGJANDE TEMA
LETTLESEN TEKST
Underholdende og engasjerende lettlesbøker
som er tilpassa barnas interesser og lesekunnskap.

Samlagets **LESELAND** for barn som lærer å lese er laget for å stimulere og inspirere ferske lesarar. Dette er gode historier med enkel tekst og sjærmerande illustrasjonar. Du kan også lese bøkene i Leseland-appen, som du kan laste ned på lesebrett.

LESELAND for barn som lærer å lese

NIVÅ EIN NY I LESELAND	NIVÅ TO KOM I GANG	NIVÅ TRE LESEVENNEN	NIVÅ FIRE LESEPROFFEN
Bøkene eignar seg for barn som nett har begynt å lære å lese.	Bøkene eignar seg for barn som klarer å lese små tekstmengder.	Bøkene eignar seg for barn som les, men som ennå ikkje er uthaldande i lesinga.	Bøkene eignar seg for barn som les og begynner å bli uthaldande i lesinga.
Bøkene har lite tekstmengd og mange illustrasjonar, og teksten er direkte kopla til bileta. Barna lærer å lese både tekst og biletar.	Tekstmengda aukar litt. Bøkene har framleis mange illustrasjonar, og teksten er direkte kopla til bileta.	Tekstmengda aukar, og leseren møter nokre vanskelege ord. Teksten er delt i kapittel for å skape pausar i lesinga. Bøkene har illustrasjonar på kvar side.	Tekstmengda aukar, og historiene er meir komplekse. Leseren møter nokre vanskelege ord. Teksten er delt i kapittel med illustrasjonar på kvar side.
Enkel og kort tekst, korte setningar, 5–10 ord per side.	Enkel og kort tekst, korte setningar, 15–25 ord per side.	Korte tekstar, korte til middels lange setningar, 30–50 ord per side.	Middels lange tekstar, middels lange setningar, 70–90 ord per side.



- * fire lesenivå baserte på barnas lesefaring
- * lettlesne skrifttypar som fremjar leseflyten
- * tilpassa innhald, tekstmengd og ordforråd

- * spreke, fargerike illustrasjonar
- * for både leseflinke og lesesvake barn
- * for både gutter og jenter



LESELAND for eldre barn og ungdom

Samlagets **LESELAND** for eldre barn og ungdom er bøker for barn som vil lese korte historier med høg illustrasjonsgrad. Bøkene er spesielt godt eigna for sidemålsbrukarar og lesesvake, og er tematisk tilpassa interessene til eldre barn og ungdom.

- * inspirerande og tankevekkjande lesestoff
- * tøffe illustrasjonar
- * lettlesen og innhaldsrik tekst

Last ned Leseland-appen her:



For iPad:



apple.com/appstore



For Android:



play.google.com



KONTAKT OSS

Ann-Mari Volden
Sals- og marknadssjef
Mobil: 951 12 358
a.volden@samlaget.no

Guro Kvalnes
Prosjektleiar jubileet 2018
Mobil: 991 22 834
g.kvalnes@samlaget.no

Siri Ifarnæss
Salskonsulent
Bokhandelkontakt
Mobil: 950 29 198
s.ifarnaess@samlaget.no

Maren Ingeborg Hvamstad
Markandskoordinator
Kundeservice
Mobil: 412 26 449
m.hvamstad@samlaget.no

Karin Helgøy
Informasjonssjef
Mobil: 970 19 865
k.helgoy@samlaget.no

Mari Reinholt Aas
Marknadskonsulent barn og ungdom
Mobil: 920 81 156
m.aas@samlaget.no

FOTOREGISTER

Breistein, Tove K.....	13,14,16
Raabe, Carl Christian.....	16
Skarvik, Benedikte.....	13
Vervik, Marius.....	15
Walvik, Pernille	14

ILLUSTRATØRREGISTER

Brech, Nora.....	6, 17
Stai, Kari.....	10

